



Fortid
& notid
for framtid

Fagleg årsmelding 2025



Innhald

1.	Innleiing	3
2.	Verksemd og organisasjonsutvikling	3
2.1	Formelle organ	3
2.2	Tilsette.....	4
3.	Sikre arkiv for framtida – nytt bygg	4
4.	Kommunale arkiv.....	5
4.1	Eldre og avslutta papirarkiv.....	5
4.2	Avleveringslister	5
4.3	Mottak av arkiv	5
4.4	Bestand og ordningsgrad	6
4.5	Asta og tilgjengeleggjering.....	7
4.6	Kapasitet og logistikk – magasin papirarkiv	8
4.7	Preservatoriske og tekniske forhold – magasin papirarkiv	9
4.8	Arkivdanning	10
4.9	Sak-/arkivsystem og saksbehandling	10
4.10	Førespurnader.....	10
4.11	Innsyn i rettighetsdokumentasjon	11
4.12	Søk mappenivå personregister	12
4.13	Lesesal	12
4.14	Digitalt skapt arkivmateriale	12
4.15	Prosjektfinansiert arbeid med arkiv i 2025	13
4.16	Framdrift i kommunale ordningsprosjekt	14
4.17	Synfaringar	15
5.	Kulturtenester.....	16
5.1	Privatarkiv	16
5.2	FylkesFOTOarkivet.....	18
5.3	Fylkessenter for digitisering av kulturarven (SEDAK).....	26
6.	Personvernombod	29
7.	Konferansar og anna.....	32
7.1	Kontaktkonferansen 2025.....	32
7.2	Deltaking på kurs/konferansar	32
7.3	Samarbeid	32
7.4	AKSESS.....	32
7.5	Nettside og sosiale medium.....	32

1. INNLEIING

Selskapet Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKAMR) vart formelt stifta på representantskapsmøte i Molde 28. juni 2000, med alle kommunane i fylket og Møre og Romsdal fylkeskommune som eigarar.

Hovudformålet til IKAMR er å arbeide for at arkivmateriale frå medlemne eller slikt materiale som desse tar ansvar for, blir tatt vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle formål, i samsvar med arkivlova. I tillegg til hovudformålet tilbyr IKAMR tilleggstenester som ordning og digitisering av papirarkiv. Faggruppa for digitiseringstenester vart vedtatt avvikla i 2025 grunna sviktande marknad.

Selskapet har depotansvar for arkivmateriale til alle eigarane og utfører også arbeid knytt til privatarkiv. IKAMR har fått ansvar for fylkeskommunale tenester som går utover pliktene i selskapsavtalen, inkludert FylkesFOTOarkivet, Privatarkiv og SEDAK (Fylkessenter for Digitisering av Kulturarven). Desse oppgåvene er tildelt selskapet av Møre og Romsdal fylkeskommune.

IKAMR tilbyr også personvernombodstenester til 24 kommunar og Møre og Romsdal fylkeskommune, men dette tilbodet vil bli avvikla i 2026 på grunn av rekrutteringsutfordringar.

Selskapet skal i samråd med eigarane utvikle og levere effektive arkivtenester av god kvalitet, inkludert hjelp til utarbeiding av dokumentasjonsplanar, opplæring i arkivsystem og rutinar, og elles gi arkivfagleg rådgiving. Vidare kan selskapet ta på seg konsulentoppdrag for andre, så lenge det ikkje går ut over hovudoppgåvene.

Selskapet har tre satsingsområde for 2024-2027:

- Sikre arkiv for framtida – nytt bygg
- Organisasjonsutvikling og tenestegjennomgang
- Digitalisering av arbeidsprosessar

2. VERKSEMD OG ORGANISASJONSUTVIKLING

Drifta er i all hovudsak basert på inntekter frå eigarane, dvs. fylkeskommunen og kommunane, og lagt opp i samsvar med denne. Møre og Romsdal fylkeskommune har ytt tilskot til koordinerande rolle innan privatarkiv og finansierer drifta av SEDAK og FylkesFOTOarkivet. Årsresultatet til desse tre blir balansert mot bundne fond slik at IKAMR i seg sjølv verken blir belasta kostnader eller tar ut forteneste av desse.

IKAMR har depot både i Kirkegata 10B og i Statsråd Daaes gate 9 i Ålesund. Begge lokala er leigde, men det er investert i reol- og sikringsystem. I tillegg har selskapet leigde lokale midlertidig i Parkgata og på Sjøholt.

Tore Fadnes vart i 2025 vald til verneombod med Emil Stokkevåg som vara, begge med funksjonstid fram til hausten 2027.

2.1 Formelle organ

Styret

styremedlemar	varamedlemar
Ottar Brage Guttelvik (leiar)	John Arild Hestenes
Kariann Bigseth (nestleiar)	Elisabeth Sande
Marianne Rotvær	Eldar Øye
Inger-Johanne Johnsen	
Geir Ove Leite	tilsett observatør
Zane Aboltina / Gaute Indresøvdde (tilsett styremedlem/vara)	Vilde Nes

Styret hadde elleve møte i 2025 og behandla 65 saker. Eitt styremøte vart arrangert fysisk og ti digitalt.

Representantskap

Representantskapet er det øvste organet i selskapet og er samansett av ein representant for kvar av eigarane.

Det vart i 2025 gjennomført to ordinære representantskapsmøte, dei vart halde fysisk og digitalt med møteleiinga samla hos IKAMR i Ålesund.

- Representantskapsmøte 1 vart gjennomført 25.04.2025 med 18 av eigarane representert, som utgjorde 76,22 % av eigardelane.
- Representantskapsmøte 2 vart gjennomført 13.11.2025 med 24 av eigarane representert, som utgjorde 90 % av eigardelane.

Vebjørn Krogsæter er leiar av representantskapet og Ingrid Ovidie Rangønes nestleiar.

Årsmelding, budsjett og rekneskap vart godkjende.

2.2 Tilsette

Selskapet hadde i 26 fast tilsette i til saman 25 årsverk i 2025. Vi hadde tre tilkallingsvikarar og to innleigde arkivmedarbeidarar gjennom arbeidsmarknadstiltak.

Fylkesfotoarkivet har i tillegg ei gruppe av frivillige som bidrar med digitisering av fotoskatten til Møre og Romsdal.

Styret vedtok i styremøtet 16.10.2025 og representantskapet ratifiserte vedtaket i møtet den 13.11.2025 å avvikle faggruppa for digitisering grunna sviktande marknad og faggruppa for personvern grunna utfordringar med å rekruttere nødvendig kompetanse. Vedtaket medfører overtaligheit i selskapet med verknad i 2026.

Sjukefråvær

Sjukefråværet var i 2025 på 6,3 %. Sjukefråværet var fordelt på fleire personar. 1,2 prosent er korttidsfråvær og 5,1 prosent er langtidsfråvær.

Likestilling

Selskapet har eit bevisst forhold til likestilling i tilsettingssamanheng.

3. SIKRE ARKIV FOR FRAMTIDA – NYTT BYGG

I 2022-2023 blei det gjennomført eit skisseprosjekt for nytt bygg og etterfølgande vart det utarbeidd eit konkurransegrunnlag med OPS som hovudmodell, og IKAMR har fått utarbeidd konkurransegrunnlag for ei slik OPS-anskaffing. Samtidig vedtok representantskapet 2025 at det skal gjerast fleire undersøkingar før endeleg vegval. Eit sentralt punkt i vedtaket er at selskapet skal legge fram ei eiga sak om anbodskonkurranse som alternativ til OPS-modellen, slik at representantskapet får fleire reelle handlingsalternativ å ta stilling til før endeleg avgjerd. Konkurransegrunnlaget skal behandlast i sak 15/26 i representantskapsmøtet den 17.04.2026.

4. KOMMUNALE ARKIV

Bevaring av arkiv er eit ansvar som ligg til alle offentlege organ. Kommunale arkiv er viktige historiske kjelder, og har stor verdi for både forvaltninga, samfunnet og det einskilde individ. Arkivlova med forskrifter seier at kommunal forvaltning skal ha ei ordning for eldre og avslutta arkiv.

4.1 Eldre og avslutta papirarkiv

Sentrale oppgåver knytt til eit papirdepot er mottak, ordning, beskriving, registrering, betening og publisering av arkiv på nett.

For å sikre optimal utnytting av magasina, har det dei siste åra vore nødvendig å legge inn ressursar for å flytte og komprimere store mengder arkiv. Vi har vidare arbeidd mykje med bestandsregistrering, rutinebeskrivingar og å få til gode arbeidsprosessar for mottak, ordning, beskriving, registrering, publisering av arkiv på nett og betening av arkiv. Dette arbeidet har dei siste åra gitt resultat.

4.2 Avleveringslister

Arkiv som er oppretta etter 1964 må vere ferdig ordna og listeførte i kommunen før dei kan leverast. IKAMR tilbyr rettleiing i utfylling av avleveringslister og kan inngå avtalar med eigarar om å levere uordna arkiv for ordning mot betaling. Det har vore ein auke i ressursane brukt på ordningsprosjekt, noko som har ført til ein markant nedgang i deponering av ferdig ordna hyllemeter frå kommunane sidan 2022, stabilisert til 80-90 hyllemeter årleg. Trass kapasitetsutfordringar har IKAMR mottatt alle førespurde arkiv. Avleveringsrutinane er godt dokumenterte, og IKAMR tilbyr hjelp med registrering og rettleiing, inkludert synfaring med kommunar. Mange førespurnader dreiar seg om seriar som er for unge til deponering, og IKAMR gir rettleiing i slike saker.

4.3 Mottak av arkiv

I 2025 mottok IKAMR 748,5 hyllemeter arkiv fordelt på 55 aksesjonar frå 38 deponentar, ein auke på 17 aksesjonar frå året før. Hovuddelen av desse består av fleire små avleveringar av privatarkiv og mindre deponeringar frå kommunar, samt nokre få store deponeringar frå ordningsprosjekt.

	2025	2024	2023	2022	2021	2020
Eldre arkiv	1,0	7,0	25	1,2	22,8	23
Avleveringslister	79,9	122,1	87,6	87,6	548,77	283,59
Ordningsprosjekt	524,0	530,0	313,5	782,2	835,19	202
Digitiseringsprosjekt	61,0	32,3	40,7	37,6	110,1	100,98
Privatarkiv	82,1	72,9	78,8	144,3	55,87	123,5
TAFJORD		20,5		100,7		101
Anna	0,5	0,6	0,5	0,7	81	
Totalt	<u>748,5</u>	<u>785,36</u>	<u>546,05</u>	<u>1154,24</u>	<u>1653,7</u>	<u>834,07</u>

Tabell 1: Deponeringar til IKAMR etter type 2020-2025 (antal hyllemeter ved aksesjon)

Arkiv som er ordna og registrert i kommunane, har gått markant ned frå 2021. Det var ein auke i 2024 med ei stor deponering frå Kristiansund, men i 2025 var mengda hyllemeter ordna og registrert i kommunane tilbake til gjennomsnittet etter 2021, om lag 80 hyllemeter i året. Etter ein topp i 2022 har mengda privatarkiv også vore stabil sidan 2023. Mengda hyllemeter knytt til digitiseringsprosjekt var nærare dobbel så stor i 2025 som gjennomsnittet har vore dei siste tre åra.

	deponent	hyllemeter	sektor
	Møre og Romsdal fylkeskommune	178,0	kommunal
	Rauma kommune	175,0	kommunal

Fjord kommune	171,0	kommunal
Ålesund kommune	39,6	kommunal
Giske kommune	38,4	kommunal
Sykkylven kommune	34,3	kommunal
Ørsta kommune	17,7	kommunal
Sula kommune	8,7	kommunal
Stranda kommune	2,2	kommunal
Haram kommune	1,0	kommunal
Høgskulen i Volda	32,0	privat
Fjord1	25,0	privat
Nasjonalforeningen for Folkehelsen, Møre og Romsdal fylkeslag	10,2	privat
Breidablikk pelsdyrfarm	2,0	privat
Volda kommune (privatarkiv)	1,7	privat
Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag	1,6	privat
Arne Eidset	1,4	privat
Haram kulturhistoriske lag	1,4	privat
Ålesund og omegn demensforening	1,0	privat
Jon Arne Nordang	0,9	privat
Midsund Slekt- og Historielag	0,8	privat
Ørsta kommune (privatarkiv)	0,7	privat
Norske sivilingeniørers forening Aalesunds avdeling	0,6	privat
Giske kommune (privatarkiv)	0,6	privat
Sunnmørsposten	0,5	privat
Landbruk Nordvest	0,4	privat
Nordmøre Søndagsskolekrets	0,4	privat
Runde Miljøsentor	0,3	privat
Møre og Romsdal Fylkesbåtar MRF	0,3	privat
Sandøy (Ålesund) kommune (privatarkiv)	0,3	privat
Bilfergen	0,3	privat
Norges Korforbund Sunnmøre	0,2	privat
Ålesund Senior	0,1	privat
Kjell Skorgevik	0,1	privat
Nils Gunerius Berentzen	0,1	privat
Aalesunds Museum	0,1	privat
Eystein Hjelme	0,1	privat
Dagfinn Leira	0,1	privat
	748,5	

Tabell 2: Detaljert oversikt over deponentar 2025 sortert innanfor privatarkiv og kommunalt arkiv

4.4 Bestand og ordningsgrad


Sidan 2018 har vi jobba kontinuerleg med tiltak for å forbetre logistikk og oversikt over eldre arkiv (depotreforma). Målet har vore å spare plass og komprimere arkivbestandane. I 2025 var det mindre fokus på grovordning av eldre arkiv, men det blei gjennomført ein omfattande gjennomgang og flytting av tannhelsekortseriar. Dette blei gjort for å effektivisere plassbruken og forenkla saksbehandlninga, ettersom boksane med tannhelsekort har eit ukurant format som tar mykje plass i magasinane.

Ved utgangen av 2025 vart det telt opp 15 088 hyllemeter i alle magasin, fordelt på:

- 13 111 hm (89,5 %) kommunalt arkiv

- 1 216 hm (8 %) privatarkiv
- 763 hm statleg arkiv (5 %).

Dei fleste av dei statlege arkiva tilhøyrer arkivskaparar som leiger magasinplass med IKAMR. Privatarkiv inneheld behaldninga til den kommunale privatarkivordninga, samt private leigetakarar som Tafjord kraft, og FylkesFOTOarkivet, som blir definert som privatarkiv. Tabellen under viser oversikt over dei kommunale bestandane.



Figur 1: Antal hyllemeter per kommune klassifisert etter ordningsgrad. *Digitisert*, *Ferdig ordna* og *Grovordna* (*depotreform*) omfattar 79% av den totale arkivbeholdninga hos IKAMR

Tabellen under samanliknar ordningsgrada på dei kommunale arkiva ved utgangen av 2024 og 2025. Den viser ein kontinuerleg prosess der arkiva stadig flyttar mellom kategoriar, og at det framleis står att mykje ordningsarbeid i magasinane.

	Digitisert	Ferdig ordna	Grovordna (depotreform)	Lågare ordningsgrad	Totalt
2025	1536 hm (11,7 %)	7248 hm (55,3 %)	1836 hm (13,9 %)	2489 hm (19 %)	13111 hm (100 %)
2024	1536 hm (12,1 %)	6534 hm (51,5 %)	2009 hm (15,8 %)	2598 hm (20,5 %)	12678 hm (100 %)

Tabell 3: Omfang og ordningsgrad til kommunale arkivbestandar hos IKAMR

4.5 Asta og tilgjengeleggjering

Primæroppgåva for IKAMR er å gjere tilgjengeleg og finne att dokumentasjon. For å lettare finne dokumentasjonen registrerer vi arkiva i arkivkatalogen Asta. Kompetansen til dei tilsette, knytt saman med ein god arkivkatalog med nøyaktig arkivbeskriving og bestandsregistrering, gjer gjenfinning meir målretta og sikker.

År	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Hyllemeter ordna	1125	1164	689	268	650	484

Tabell 4: Antal nyregistrerte hyllemeter ført under kategorien Ordna i Asta 2020-2025

For 2025 viser tala i Asta at vi hadde ordna, registrert og kvalitetssjekka 484 meter med arkiv. Tala er noko misvisande då manglande utfylling av metadata påverkar resultatet. Alternative hjelpearke fastset reell mengde ordna hyllemeter.

Under viser fleire detaljar om registreringar av arkiv i Asta og publisering av arkiv på Arkivportalen.

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Registrerte arkiv	3977	4767	5166	5665	6214	6379
Registrerte seriar	12455	15470	17838	19487	20570	22351
Registrerte stykke	71967	81367	87590	95219	102017	107881
Registrerte mapper	354276	409947	460202	498255	535172	565699
Publiserte arkiv	1552	2946	2688	3414	3698	3783

Tabell 5: Statistisk oversikt over registrerte arkiveiningar i Asta 2020-2025.

Personregister blir ikkje registrert på mappenivå i Asta, men i eigne søkbare Excel-skjema og er dermed ikkje med i denne oversikta. Einskilde arkiv som har blitt sletta og registrerte på nytt påverkar også statistikken og gir eit litt feil bilde.

Totalt ligg det 3783 arkiv på Arkivportalen, av dei 6379 arkiva som er registrerte i Asta (59 %).

Arkiveigar	Publiserte arkiv i 2025
Smøla kommune	72
Haram kommune (Haram)	64
Haram kommune (Vatne)	25
Molde kommune (Neset)	20
Surnadal kommune	4
Aukra kommune	1
Fjord kommune	1
Molde kommune (Molde)	1
Ålesund kommune	1
Diverse privatarkiv	7
Til saman:	<u>196</u>

Tabell 6: Oversikt over antal arkiv publiserte på Arkivportalen i 2025, sortert etter eigar

I desember 2025 vart Asta oppgradert frå Asta 5 til Asta 7.

4.6 Kapasitet og logistikk – magasin papirarkiv

IKAMR har fire arkivmagasin plassert i Kirkegata 10B og Statsråd Daaes gate 9 med total kapasitet på ca. 16000 hyllemeter. Denne kapasiteten er no 80 % fullt utnytta ved utgangen av 2025 og har gått opp frå 75 % i starten av året. Okkupert plass i alle magasin var ved slutten av året 12 786 hyllemeter og totalt over 15 hyllekilometer medrekna eksterne lokale. Dette utgjør ein netto auke på 786 hyllemeter frå teljinga ved utgangen av førre år. Variablar som har påverka endring i kapasitet frå førre oppteljing av arkiv i magasin:

- Nye aksjesjonar i 2025, og aksjesjonar av privatarkiv sidan 2023. Privatarkiv vart ikkje telt opp i 2024.
- Utflytting av privatarkiv som vart sendt til eigar eller andre bevaringsinstitusjonar.
- Komprimering av kommunalt arkiv ved ordning (ordningsprosjekta).
- Komprimering ved grovordning og flytting av eldre kommunalt arkiv.
- Komprimering og ordning av tannhelsekort.

	<i>Maks kapasitet med total utnyttelse</i>	<i>Plass brukt inkl. reservasjon og tomrom</i>	<i>"Luft" og reservert plass</i>		<i>Brukbart ledig plass</i>
	Kapasitet	Okkupert	Tomrom	Utnyttet (%)	Ledig (mhm)
M01	7280	6464	158	89 %	816
M02	1110	728	5	66 %	382
M03	1327	1276	5	96 %	51
M04	6287	4318	161	69 %	1969
Til sammen i magasin:	16003	12786	329	80 %	3217
PG3 (Sentrum)	391	391	0	100 %	0
ØV3 (Sjøholt)	2016	1911	0	95 %	105
Til sammen i fjernlager:	2407	2302	0	96 %	105
Totalt:	<u>18410</u>	<u>15088</u>	<u>329</u>	<u>82 %</u>	<u>3322</u>

Figur 2: Kapasitet i alle magasin og fjernlager der IKAMR oppbevarer arkivmateriale.

Ein del av utfordringa med magasinkapasiteten er ikkje berre at kapasitet blir lågare år frå år, men også at arkiv stadig må flyttast på for å utnytte plassar med «luft» i hovudmagasina, og for å oppretthalde drift av ordningsprosjekta. Hovuddelen av ordningsarbeidet går føre seg i Kirkegata 10B, medan størstedelen av ledig magasinplass er i Statsråd Daaes gate 9 (M04). Det betyr at av og til må ferdig ordna arkiv frå arbeidsmagasina pakkast på pallar og flyttast til Statsråd Daaes gate 9 for å gjere meir plass til nye deponeringar av ordningsprosjekt, dette vart sist gjort i 2024. I 2025 blei arkiv flytta og komprimert internt i dei tre magasin i Kirkegata 10B, og planlagt for pallflytting til Statsråd Daaes gate 9 som skal skje i 2026.

Det står til saman 2303 hyllemeter utplassert i eksterne midlertidige lokale. Derav står 1911 hyllemeter på pallar i Øyravegen 3 på Sjøholt og 391 hyllemeter i Parkgata 3 i Ålesund. Desse arkiva vart flytta som eit ledd i *Sikre arkiv for framtida-prosjektet* i 2023. Av 16 hyllekilometer kapasitet i hovudmagasina er snart 13 hyllekilometer okkupert.

4.7 Preservatoriske og tekniske forhold – magasin papirarkiv

IKAMR har hatt avtale med Rentokil sidan 2019 om tiltak mot skjeggkre i arkivmagasina. Ein gong i året blir giftåte-feller skifta ut og eventuell førekomst registrert. Dette tiltaket har halde førekomsten av skjeggkre nede i 2025, som tidlegare år. Det er ikkje registrert nokon førekomst av andre skadedyr i magasin i 2025.

Alle magasin har klimamålarar som viser luftfuktigheit og temperaturmålingar i sanntid, i tillegg til fleire loggar som registrerer langtidsmålingar som blir lesne av kvart halvår. Generelt slit vi med klimakontroll i alle magasin. Målingar gjennom året i M01, M02 og M03 i Kirkegata 10B viser at temperaturen inne generelt er påverka av temperaturen ute, og magasinklimaet svingar i tråd med sesongen. Luftfuktigheita har periodevis vore for høg i desse magasin i 2025, men har ikkje stige over 60 % RF. Dei beste klimaforholda er i magasin M04 i Statsråd Daaes gate, men gjennom heile 2025 har det vore registrert for høge luftfuktigheitsnivå også her.

I slutten av 2025 vart det oppdaga ny framvekst av muggsopp i magasin M01, på same plassen som vart soppsanert etter stor førekomst for to år sidan. Etter soppførekomsten den gongen vart det installert ny avfuktar i lokalet. Det er ikkje gjort andre tiltak i 2025 for å redusere luftfuktigheit i magasin. Rutinar for opphaldstid og eventuelt verneutstyr i magasin har vore gjeldande i 2025, og hausten 2025 vart det innført rutine for månadleg sjekk og logging av forhold, og eventuell førekomst av sopp i magasin, som HMS-tiltak.

Det midlertidige lokalet i Øyravegen 3 på Sjøholt er ikkje bemanna. Det blir gjort regelmessig sjekk ein gong i månaden i lokalet og temperatur og luftfuktigheit er monitorert i sanntid. I 2025 vart det gjort kartlegging av skadedyr i lokalet som viste lav førekomst av skjeggkre. Lokalet på Sjøholt har ikkje hatt nokon tekniske

utfordringar i 2025, og på slutten av året vart det planlagt å installere varmepumpe i lokalet for å få kontroll på temperatursvingingane.

4.8 Arkivdanning

Det har vore få førespurnader om bevaring- og kassasjonsspørsmål frå eigarane våre i løpet av året, og ingen om dokumentasjonsplan.

Den tilsette som tok vidareutdanninga årseining i dokumentasjonsforvaltning ved OsloMet - storbyuniversitetet, fullførte som planlagt våren 2025. Dette styrkar kompetansen vår innan feltet.

4.9 Sak-/arkivsystem og saksbehandling

I 2025 fekk vi oppdatert og endra organisasjonsstrukturen og samtidig styrka tilgangsstyringa i sak-/arkivsystemet vår Acos WebSak.

WebSak gir oss framleis ekstra utfordringar i kvardagen med ulike feilmeldingar og behov for ekstra kvalitetssikring då ikkje alle funksjonar alltid fungerer slik dei skal. Bruken av SvarUt – som for det meste er rimeleg stabil – er så verdifull at vi har tolt å stå i det i fleire år.

I løpet av hausten fekk vi ei ny utfordring då SvarUt og koplinga til Folkeregisteret og Brønnøysundregisteret slutta å fungere i ei av dei to sonene vi brukar systemet. Heldigvis kan det brukast for begge sonene i den eine sona, så med noko ekstraarbeid har likevel vi klart oss. Dette gir likevel eit tydeleg signal om at systemet er klart for utskifting eller oppgradering.

Vi har halde fram med å kvalitetssikre journalen dagleg i heile 2025. På den måten har vi fanga opp eventuelle problem tidlegare, og bevisstgjer vi oss sjølve i vår eiga saksbehandling.

4.10 Førespurnader

IKAMR tar imot førespurnader både direkte frå privatpersonar og frå kommunane, men mest frå kommunane. Det kan vere arkivfaglege spørsmål, men aller mest gjeld det innsyn i deponert arkivmateriale.

For å ha betre oversikt, har vi delt kommunikasjonen med eigarane våre inn i kategoriar/sakstypar. Vi deler opp innsynsførespurnader i to kategoriar: Innsyn historisk (IH) og innsyn sensitive personopplysningar (IP). I tillegg kjem det arkivfaglege/administrative spørsmål (AA) og spørsmål om avleveringslister (AL) for ordning og deponering av arkiv.

Kommune	AA	AL	IH	IP	Sum
Aukra	2	0	6	3	11
Aure	1	0	7	7	15
Averøy	0	0	5	4	9
Fjord	0	0	15	3	18
Giske	0	1	3	5	9
Gjemnes	0	0	1	1	2
Haram	0	1	2	1	4
Hareid	1	0	1	2	4
Herøy	4	0	15	9	28
Hustadvika	0	0	4	15	19
Kristiansund	3	0	15	33	51
Molde	8	0	11	12	31
MRFK	0	0	10	75	85
Rauma	0	0	9	13	22
Rindal	0	0	1	1	2
Sande	2	3	4	5	14
Smøla	1	0	11	2	14
Stranda	1	6	16	6	29
Sula	2	11	0	12	25
Sunnadal	1	3	7	9	20
Surnadal	0	0	14	3	17
Sykkylven	2	8	5	1	16
Tingvoll	1	0	11	8	20
Ulstein	1	0	5	5	11
Vanylven	0	2	1	1	4
Vestnes	0	0	7	4	11
Volda	0	4	7	3	14
Ørsta	1	24	4	13	42
Ålesund	0	12	45	43	100
Saker	31	75	242	299	647

Oversikta tel ikkje med førespurnader til Privatarkiv, SEDAK, FylkesFOTOarkivet og Personvernombod.

Frå 2024 til 2025 er det ein ørliten nedgang i mengde IP-saker og IH-saker, medan AA-saker og AL-saker omtrent er halvert.

Grunnen til at AA-saker har gått ned, er truleg ei intern endring i måten vi registrerer ordningsprosjekt. Dei er no er kategorisert under ein annan sakstype enn AA. AL-sakene er det også færre av delvis pga. at ordningsprosjekt har tatt meir over for ordning eksternt i kommunane, og naturlege svingingar i kor mykje det blir arbeidd med ordning og deponering i kommunane.

4.11 Innsyn i rettigheitsdokumentasjon

Ved utgangen av 2025 hadde IKAMR om lag 4060 hyllemeter rettigheitsdokumentasjon i depotet. Rundt 130 av desse kom inn i 2025.

Hyllemeter deponert rettigheitsdokumentasjon dei siste åra:

2020	2021	2022	2023	2024	2025
60	467	243	499	175	129,5

Ei oversikt over mengda førespurnader i rettigheitsdokumentasjon viser ein liten nedgang i 2025 mot året før, men likevel ein auke frå året før det att:

2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
200	243	266	238	192	251	328	292	321	299

Arbeidsmengda knytt til førespurnadene varierer frå enkel framfinning og mappekopiering til innsyn som krev leiting i mange arkiv og seriar. For betre effektivitet i sistnemnde er vi avhengige av god kommunikasjon med kommunen, og tilstrekkeleg informasjon om innsynskrevjaren. Her er tilgangen til søk i FIKS folkeregister for to av rådgivarane til god hjelp. Det tar likevel tid å kartlegge kva som kan vere aktuelle arkiv for kvar sak, for så å gå gjennom arkiva manuelt og sjekke.

Det vart sendt ut brev til kommunane med ei påminning om korleis vi ønsker å ta imot førespurnader, spesielt dei som gjeld sensitive personopplysningar. Vi ser at det til dels har vore til hjelp, men at vi likevel framleis ofte må ta kontakt med kommunen for meir informasjon for å finne dokumentasjonen det eigentleg er bedt om.

4.12 Søk mappenivå personregister

I handlingsprogrammet for 2025 vart det sett opp diverse mål for å gjere innsyn enklare fram mot 2027. Eitt av måla var å gjere det mogleg å søke på mappenivå i personregisterseriar. Vi har brukt noko tid i 2025 på å gjere avleveringslister som ikkje er registrert i Asta meir tilgjengelege, dvs. blant anna digitalt søkbare. Dette for å lette gjenfinninga av personar i innsynsførespurnader. Aldersspriket på listene er stort, dei eldste er frå tidleg 2000-tal, medan dei nyaste er frå 2025. Blanda medium (papir/CD/minnepinnar) med ulik formatering gjer at ikkje alle er like tilgjengelege, og at vi har hatt litt utfordringar med å få jobben gjort. Vi har likevel kome godt i gang med arbeidet, og vi ser at digital tilgang og digitalt søk i kvar liste/serie er til god hjelp.

4.13 Lesesal

Lesesalen har blitt besøkt 37 gongar i 2025 mot 30 besøk i 2024:

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
antal besøk	28	46	40	47	30	37
mengdearkivstykke brukt	207	315	298	175	118	231

4.14 Digitalt skapt arkivmateriale

Digitalt skapt arkivmateriale frå eigarkommunane skal på same måte som papirarkiv deponerast til IKAMR. Sikring og bevaring av elektroniske arkiv krev spesialkompetanse. Kommunearkivinstitusjonenes Digitale Ressurssenter (KDRS), saman med sine medlemsinstitusjonar (KAI) og fagmiljøet for bevaring av digitalt arkivmateriale, spelar ei viktig rolle i IKAMR sitt arbeid med å bevare og tilgjengeleggjere digitalt skapt materiale. IKAMR brukar depotforvaltningssystemet til KDRS for bevaring av deponerte elektroniske arkiv frå eigarkommunane, med satellittlagring hos Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana og Nasjonalarkivet i Oslo.

IKAMR følger *KDRS prosesser og rutiner* for mottak, validering og bevaring av digitalt skapt materiale. *KDRS produksjonslinje* for bevaring og tilgjengeleggjering av elektroniske arkiv beskriv metodikk og praktisk gjennomføring for handtering av dei ulike systema som skal bli bevart og formidla.

Prosessar og rutinar og produksjonslinja for bevaring av elektroniske arkiv:

- IKAMR brukar *KDRS prosesser og rutiner* for digitalt skapt materiale
- IKAMR brukar *KDRS produksjonslinje* for bevaring av elektroniske system
 - a. Mottak av Innleveringspakke SIP, deponering frå kommune/fylkeskommune
 - b. Lage Arkivpakke AIP av innlevert/deponert Innleveringspakke SIP
 - c. Laste opp Arkivpakke AIP i KDRS sitt depotforvaltningssystem i Trondheim
 - d. Lage Formidlingspakke DIP av Innleveringspakke SIP/Arkivpakke AIP

Resultat i 2025 for bevaring av digitalt skapt arkivmateriale for alle 28 kommunar samt fylkeskommunen:

- Deponert (innlevert) 39 system, totalt 4.7 TB (23 fagsystem og 16 Noark 5-uttrekk)
- Totalt deponert (innlevert) 537 system, totalt 16.9 TB (408 fagsystem og 129 Noark 5-uttrekk)
- Godkjent 26 system (13 fagsystem og 13 Noark 5-uttrekk)
- Totalt godkjent 246 system (145 fagsystem og 103 Noark 5-uttrekk)
- På grunn av svært stor mengde samt størrelse på deponerte (innleverte) uttrekk, er arbeidet med å laste opp til depotforvaltningssystemet utsett til 2026

- Totalt bevart 27 system på 351 GB (4 fagsystem og 23 Noark 5-uttrekk) opplasta til IKAMR depotforvaltningssystem
- Aktiv samhandling med og rettleiing av arkivleiar og IKT-ressursar frå eigarkommunane, IKT-regionane (IKT ORKIdé, ROR-IKT, SSIKT og eKommune Sunnmøre) og leverandørar på prosessar, rutinar og produksjonslinje for bevaring og tilgjengeleggjering
- Vi har deltatt i Digi Møre og Romsdal-samarbeidet som felles plattform for heile fylket

IKAMR deltok i nasjonale prosjekt for elektroniske arkiv:

- KDRS Utforming av felles prosessar og rutinar for digitalt skapt materiale
- KDRS Produksjonslinje – Bevaring og formidling av elektroniske arkiv
- KDRS Produksjonslinje – Malsett for ordning av gamle Noark- og fagsystem med bruk av Documaster Decom og malsett for arkivsystem
- KDRS Produksjonslinje – Formidling av gamle Noark- og fagsystem frå SIARD-uttrekk produsert av KDRS Produksjonslinje

IKAMR brukar systemet *KDRS Søk & Vis* for oppslag og innsyn i deponerte system frå kommunane og fylkeskommunen (tidlegare kalla *KDRS Innsyn*):

- Internt for innsyn i deponerte system der arkivskapar ikkje har behov for historisk database/innsyn
- Lvert som teneste til kommunane/fylkeskommunen
- Bruk av *KDRS Søk & Vis* krev ein mal for det deponerte systemet (finst delt nasjonalt eller må bli laga)
- Møre og Romsdal fylkeskommune brukar skulesystemet Extens i *KDRS Søk & Vis*

4.15 Prosjektfinansiert arbeid med arkiv i 2025

I samsvar med Selskapsavtalen §2 kan IKAMR ta på seg konsulentoppdrag eller prosjekt utanom hovudoppgåvene. Desse prosjekta blir finansiert av oppdragsgivar. Oppdragsgivar er eigarar eller private.

I 2025 har IKAMR vore involvert i følgende prosjekt:

Nr.	For kven og kva	Status
1001	Møre og Romsdal fylkeskommune – digitisering av arkivdel 652/652 T07	Ferdig
1005	Norddal – elverk	Påbegynt
1011	Utviklingsmidlar, Idrettsarkiv	Under arbeid
1012	Tafjord Kraft	Påbegynt
1016	Stranda – digitisering	Ferdig
1020	Raumaarkivet	Påbegynt
1023	Ulstein – ordning sentrale organ	Ferdig
1024	Ålesund – digitisering	Ferdig
1026	Ulstein – digitisering	Ferdig
1028	Fjordarkivet	Mottatt
1033	Kvalitetssikring 2022	Ferdig
1048	Aukraarkivet	Påbegynt
1054	Arkivet i demokratiets teneste	Ferdig
1058	Aure	Signert
1062	Sykkylven – digitisering	Påbegynt
1063	Møre og Romsdal fylke – ordning	Påbegynt
1064	Ulstein	Signert
1065	Kristiansund skule/kultur 2	Signert

1066	Giske	Signert
1067	Mediekonvertering av bilde	Ferdig
1068	Tafjord	Signert
1069	Giske – digitisering	Under arbeid
1070	Kristiansund 3	Signert
1071	Vestnes	Signert
1072	Rindal	Signert
1074	Anders Svor	Ferdig
1075	Forsete	Under arbeid
1079	Møbelarkiv	Under arbeid

Arkivutviklingsprosjekt finansiert av Nasjonalarkivet eller andre prosjekt finansiert av eksterne (museum) inngår også i denne oversikta.

I 2025 vart det signert nye avtalar om ordning og digitiseringsoppdrag med:

- Giske kommune – digitisering
- Utvida digitiseringsavtale med Ålesund kommune
- Utvida digitiseringsavtale med fylkeskommunen
- Tafjord – ordning og digitisering

Det vart avslutta prosjekt for desse i 2025:


- Ulstein kommune – digitisering
- Stranda kommune – digitisering
- Molde (Neset) – ordning

4.16 Framdrift i kommunale ordningsprosjekt

Molde sitt prosjekt med materiale frå tidlegare Nesset kommune blei ferdigstilt. Vidare har fokuset vore på å sette i gang Møre og Romsdal fylkeskommune sitt prosjekt, og samtidig jobbe mot ferdigstilling av Aukra, Fjord, Tingvoll og Rauma.

I utgangspunktet skulle Aukra ferdigstillast før utgangen av året, men har blitt utsett til utover 2026. Arbeidsperioden til Rauma som skulle vore ferdig i 2025 har også blitt forlenga.

Det vart henta større avleveringar på ordningsprosjekt frå fylkeskommunen, Fjord og Rauma i 2025. Fokuset i det fylkeskommunale prosjektet har vore å hente inn dei vidaregåande skulane.



Figur 3: Status i den kommunale ordningsprosjektporteføljen ved utgangen av 2024 og fram mot 2026.



Figur 4: Ordningsprosjektet 1032 Smøla vart påbegynt i 2022 og avslutta i desember 2024. Prosjektet omfatta over 250 hyllemeter frå Smøla kommune skapt etter 1960. Her står arkivmateriale ferdig ordna på hylle i arkivmagasin og katalogen publisert på Arkivportalen. Foto: Andri Jonsson/IKAMR

4.17 Synfaringar

IKAMR har vore på ei eller fleire synfaringar/kommunebesøk i forbindelse med ordning og avlevering av papirarkiv hos følgande i 2025:

- Rauma kommune (synfaring ordningsprosjekt)
- Molde kommune (estimat ordningsprosjekt)
- Møre og Romsdal fylkeskommune – Fagskolen i Ålesund (synfaring ordningsprosjekt)

5. KULTURTENESTER

Tre fylkeskommunale oppgåver/tenester er plassert til IKAMR. Desse tenestene dekker eit spekter av viktige regionale oppgåver for bevaring, tilrettelegging og tilgjengeleggjing av kulturrelatert materiale frå Møre og Romsdal. Tenestene og leveransen deira er med på å oppfylle planverket til Møre og Romsdal fylkeskommune. Dei fylkeskommunale tenestene har vore medarrangør for ABM-konferansen i Møre og Romsdal som ABM-seksjonen i fylkeskommunen har hovudansvaret for.

Kulturtenestene skal samla sett ha til formål å bevare, tilgjengeleggjere og formidle kulturarv med særleg fokus på private arkiv, fotografi og mediekonvertering. Tenestene gir råd, koordinerer og samarbeider med regionale aktørar innan kulturarv og sikrar fysisk og digital bevaring i tråd med faglege standardar, nasjonale og regionale føringar og samfunnsutviklinga elles. Tenestene er til nytte for innbyggjarane i fylket med at dei sikrar tilgang til dokumentasjon, og bidrar med dette til å styrke demokratiet, fremje kunnskap om samfunnsutviklinga i regionen, og samhandling mellom sentrale kulturarvsaktørar.

Kulturtenester får driftstilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune, samt at det er krav til inntening.

5.1 Privatarkiv

IKAMR er fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv i fylket. Dette er ein funksjon som fylkeskommunen har lagt til IKAMR. 21 kommunar og Møre og Romsdal fylkeskommune er med i privatarkivordninga. Dette inneber at kommunen får høve til å deponere bevaringsverdig arkiv frå nedlagde lag, organisasjonar og sentrale næringsverksemdar mot ein kontingent per innbyggjar (2025).

Koordinatorstillinga er ikkje fullfinansiert og privatarkivrådgivar er avhengig av eksterne inntekter i form av prosjektmidlar og utleige til Høgskulen i Volda. Dette fører til mindre fokus enn ønska på koordinatoroppgåvene, dvs. tiltaka baserte på bevaringsplanen for private arkiv i Møre og Romsdal 2024-2027 og oppfølging av privatarkivnettverket i fylket. Koordinator har ikkje ressursar til å svare ut behova privatarkivnettverket har per i dag. Det er heller ingen ressursar til innsamling og bevaring av digitalt skapte privatarkiv i Møre og Romsdal. Dette inneber at samtidisdokumentasjonen vil gå tapt og historia i privat sektor ikkje vil verte mogleg å gjenskape gjennom arkivdokumentasjon.

Følgande er utført i privatarkivarbeidet:

- Rolla som fylkeskoordinerande ledd: I 2023 ferdigstilte IKAMR, saman med regionmusea og Nynorsk Kultursentrum, arbeidet med bevaringsplan for private arkiv i Møre og Romsdal 2024-2027. Det vart også utarbeidd ein tiltaksplan basert på bevaringsplanen for denne fireårsperioden. Ved utgangen av 2025 var 17 av 31 tiltak gjennomførte og to under arbeid. Det vart også gjennomført to nettverksmøte i privatarkivnettverket i Møre og Romsdal i 2025 (03.04.2025 og 30.010.2025-31.10.2025).
- Møte i det nasjonale privatarkivnettverket leia frå Nasjonalarkivet (26.03.2025 og 26.08.2025-27.08.2025).
- Nedpakking og mottak av arkiv etter Møre og Romsdal fylkesbåtar (MRF) og Kjeldearkivet frå HIV.
- Synfaring ved Breidablikk revegard i Ørsta kommune saman med Vitimusea. (Pelsdyrarkiv er definert som tiltak basert på bevaringsplanen for private arkiv i Møre og Romsdal).
- Rettleiing under Næringshistorie Nordmøre sitt arbeid med ordning av teikningsarkivet etter Storvik mekaniske verksted og under KFUM-KFUK Ålesund sitt arbeid med foreiningsarkiv.

Prosjekt med støtte frå Nasjonalarkivet

- I 2022 fekk IKAMR og Institutt for planlegging og administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS) / Avd. for samfunnsfag og historie (ASH) ved Høgskulen i Volda kr 160 000,- til første året i eit toårig prosjekt med tittelen "Arkivet i demokratiets teneste; kvalifiserte kunnskapsprodusentar i høgare

utdanning". I 2023 vart vi tildelte kr 350 000 til andre året i dette samarbeidsprosjektet. Samarbeidet heldt fram i 2025, ettersom det ikkje var aktivitet i 2024 pga. sjukdom.

- I 2018 løyvde Nasjonalarkivet også kr 350 000 til eit prosjekt om idrettsarkiv i Møre og Romsdal, i samarbeid mellom IKAMR og Møre og Romsdal Idrettskrets. Dette arbeidet vart starta opp i 2020, men sett på vent til 2024 grunna situasjonen idrettslaga kom i under koronapandemien. Prosjektleiart vart tilsett og prosjektet revitalisert hausten 2024. I 2025 vart arkiva etter SIF/Hessa (4 hyllemeter) og Surnadal IL med forløparar (3 hyllemeter) er ordna, etiketterte og tilbakeførde. Arkivet etter Ålesunds turnforening (6 hyllemeter) er ordna og IKAMR ventar på suppleringar. Prosjektet held fram i 2026.
- I 2023 fekk Nordmørsmusea arkivutviklingsmidlar til ordning av arkivet etter Hans Hyldbak. IKAMR starta ordningsarbeidet på oppdrag frå Nordmørsmusea i 2024. Arbeidet vart ferdigstilt i 2025.
- I 2024 fekk Møbelmuseet/Viti tildelt kr 320 000 i arkivutviklingsmidlar for å ordne og registrere samlinga av møbelarkiv. Dette arbeidet er påbegynt ved IKAMR og held fram i 2026. Totalt er no 15 hyllemeter ordna.

Prosjekt med støtte frå andre

- IKAMR mottok i 2025 kr 50 000 frå Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek. Midlane har gått til å finordne delar av samlinga til Arbeiderbevegelsens arkiv i Møre og Romsdal som består av fagforeinings- og lokallagsarkiv.
- IKAMR har i 2025 ordna arkiv etter bilethoggaren Anders Svor på oppdrag frå Jugendstilsenteret/Viti.

Formidling

- I 2025 samarbeidde IKAMR med Institutt for planlegging og administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS) / Avd. for samfunnsfag og historie (ASH) ved Høgskulen i Volda, om kjeldestudier og kontekstualisering. Samarbeidet held fram i 2026.
- I 2025 leigde Historisk institutt / Avd. for samfunnsfag og historie (ASH) ved Høgskulen i Volda, inn kompetanse frå IKAMR til å gjennomføre eit kurs i kjeldestudier og kontekstualisering ved Historisk innføringsemne (HI100). Samarbeidet held fram 2026.
- Foredrag for Nasjonalt nettverk for teknologi og industrihistorie i musea 04.06.2025.
- Innlegg på Samfunnsfagkonferansen 05.11.2025-06.11.2025, Universitetet Innlandet, i sesjonen "Primærkilder som grunnlag for kritisk tenkning og historisk forståelse: Erfaringer fra undervisning og praksis".
- Formidling på IKAMR sine sosiale medium-kanalar for å synleggjere verdien av privatarkiva og privatarkivarbeidet.
- Instagramkonto for promotering oppretta: @privatarkiv_ikamr.
- Artikkell i Aksess (tidsskrift for arkiv og dokumentasjonsforvaltning) om samarbeidet mellom IKAMR, biblioteket ved Høgskulen i Volda, Institutt for planlegging og administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS) / Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH) og Historisk institutt ved Høgskulen i Volda.

Konferanse, samlingar og kurs

- ABM-konferansen i Møre og Romsdal 10.04.2025.
- Privatarkivkonferansen 28.04.2025-29.04.2025.
- Workshop ved Universitetet Innlandet med tema "Bruk av kjelder i lærarutdanninga" 05.02.2026-06.02.2025.
- Workshop ved Høgskulen i Volda med temaet "Bruk av arkiv- og kjeldearbeid som arbeidsmåte i høgare utdanning, eit samarbeid mellom universitet/høgskule, arkiv-, bibliotek- og museumsinstitusjonar" 20.08.2025-21.08.2025.
- Samfunnsfagkonferansen 05.11.2025-06.11.2025, Universitetet Innlandet.
- To møte i det nasjonale privatarkivnettverket for fylkeskoordinerande ledd (26.03.2025 og 26.08.2025-27.08.2025).



Workshop ved Høgskulen i Volda med temaet “Bruk av arkiv- og kjeldearbeid som arbeidsmåte i høgare utdanning, eit samarbeid mellom universitet/høgskule, arkiv-, bibliotek- og museumsinstitusjonar” 20.08.2025-21.08.2025.

Foto: Høgskulen i Volda

5.2 FylkesFOTOarkivet

Fotoarkivet tar vare på fothistoria i fylket ved å samle inn, bevare, digitalt mediekonvertere og formidle fotografisk materiale som dokumenterer regionen si historie, kultur og samfunnsutvikling. Gjennom året har arkivet arbeidd aktivt for å sikre verdifullt fotomateriale, forbetre bevaringsmetodar og gjere samlingane meir tilgjengelege for publikum. Den daglege drifta har gått sin gang, men arbeidet ber preg av stram tidsbruk og mange oppgåver som må prioriterast hardt.

Arkivet opplever ein aukande etterspurnad etter fotomateriale år for år, i tillegg til eit stadig større omfang av førespurnader om rådgiving. Samanlikna med fjoråret ser vi ein tydeleg vekst i publikumsførespurnader. Behovet for auka kapasitet og fleire fast tilsette med fagleg kompetanse som kan bidra til å vidareutvikle tenesta, verkar stadig meir nødvendig for å møte både den aukande etterspurnaden, dei faglege krava til forvaltning av materialet, og forventningane til arkivet si rolle.

Innsamling og bevaring

Det fysiske fotomaterialet i arkivet omfattar i dag over ein million fotoeiningar som må sikrast mot nedbryting. Det meste er lagra i eit klimaregulert fotomagasin, men på grunn av plassmangel må fotoarkivet også bruke magasin som ikkje har tilfredsstillande klima for langtidsbevaring. Kapasitet og ressursar set klare avgrensingar, og mottak av nye fotoarkiv må derfor vurderast nøye.

Arbeid med større fotografarkiv

- Fylkesfotoarkivet henta i løpet av 2025 inn negativarkivet etter fotograf Marta Lystad Johansen i Ørsta. Dette er et stort og omfattande arkiv med fargefoto frå starten av 1970-talet fram til 2010. Alle foto er ordna kronologisk og protokollført. I tillegg fekk Fylkesfotoarkivet overlevert meir fotomateriale frå Marta sin far, Olav Lystad, som var ein av landets mest meritterte fotografar i si tid. Deriblant negativa for prospektkortarkivet og ein god del uregistrerte glasplatenegativ. I materialet var det også monterte utstillingsbilde frå utstillingar i Noreg og utlandet som Olav Lystad var med på, og dessutan diplom og heidersteikn. I tillegg fekk vi inn ei større mengde 16 mm film som Olav Lystad har filma, både sett saman som filmrullar og som lause klipp. Innhaldet på filmrullane er ukjent, men noko av innhaldet er beskrive i stikkord på emballasjen, og mykje er opptak frå Sunnmøre og omland. 16 mm filmmaterialet vil bli registrert ut i frå beskriving på emballasjen og etter kvart sendt til Mo i rana for skanning.



Fotograf Marta Lystad Johansen ser igjennom materiale etter far hennar, fotograf Olav Lystad.
Foto: Anne Tømmerbakk/FAK

- Fylkesfotarkivet overtok i hausten 2025 fotoarkivet etter fotograf Harald Valderhaug i Giske. Valderhaug har sidan midten av 1980-talet vore leiande oppdragsfotograf for nyproduserte båtar og skip i fylket, samt offshore-verksemd. Han spesialiserte seg med å ta bilde av skip frå fly, som ferjer, supplybåtar, hurtigruter, fiskebåtar med meir. Han har også eit omfattande flyfoto-arkiv frå store delar av fylket og resten av landet. Arkivet består både av fysisk filmbasert materiale og digitalt skapte foto. Det fysiske fotomaterialet skal etter kvart emballerast om til syrefri emballasje og gjerast klart til langtidslagring.



Fotograf Harald Valderhaug med fotoarkivet pakka og klart for overlevering til Fylkesfotoarkivet.
Foto: Anne Tømmerbakk/FAK

- Dialog med Nasjonalbiblioteket om prioritering for digitisering av SEFRAK-foto frå fylket, jamfør behovet i saksbehandling for bygningsvern til Kulturavdelinga i fylkeskommunen. I tillegg er det oppretta ein server for nedlasting av bildefiler med skanna SEFRAK-foto frå Nasjonalbiblioteket.

Bildekvaliteten på det overførte materialet ser lovande ut. Vi ser samtidig behov for å registrere metadataa på bildefilene betre, slik at både materialet og bygningane på fotografia blir lettare å identifisere og søke fram. Vi har dialog med Nasjonalbiblioteket om dette.

- Det blir jobba jamleg med å digitalt mediekonvertere det store portrettarkivet etter fotograf Olav Lystad (Ørsta). Det meste av arbeidet blir utført under dugnadskveldane. Fleire portrett frå arkivet er lagde ut i nettfotobasen. Dugnadsmedlemene skriv inn bildeinformasjon ut frå ordreprotokollen til fotografen.
- Negativarkivet etter fotograf Lars Pedersen (Vestnes) blir registrert og mediekonvertert på dugnad. Dei første 500 bilde er lasta opp i nettfotobasen.
- Ein god del bilde frå fotoarkivet til Erling Gjøsund (Giske) er lasta opp i nettfotobasen og bildeinformasjon blir lagt på i samarbeid med lokale informantar.
- Det blir regelmessig jobba med å berike bilde frå arkivet til fotograf Johannes Sponland (Ålesund) i nettfotobasen.
- Ordreprotokollar etter fotograf Sissel Haug Strømmen (Ålesund) blir digitalt avskrive under dugnadskveldane.
- CD-arkivet etter fotograf Guttorm Furmyr (Herøy) blir overført til harddiskar under dugnadskveldane.
- Restar av glassplatenegativa etter fotograf Peder Karl Ingvald Giske er tatt inn for deponering og bevaring. Bildeinnhaldet er ukjent, men vi kan vente å finne fleire skattar frå Ålesund og nærområde frå første halvdel av 1900-talet. Vi har frå før delar av dette arkivet til deponering.

Mindre samlingar

Fylkesfotoarkivet har i 2025 tatt imot eller lånt for digital mediekonvertering, fleire mindre, private fotosamlingar, til dømes:

- Ei privat fotosamling av Gunnar Simensen. Denne inneheld blant anna foto frå dei første fredsrykta i 1945, der folk strøymde ut i gatene i Ålesund. Bilda blir mediekonverterte og lagde ut i Fylkesfotobasen. Originalane blir leverte attende til eigar.
- Bilde frå to fotoalbum som har tilhørt Bjørn Vestnes (FAKf-1246) er publisert i Fylkesfotobasen - blant anna bilde frå heimefronten under 2. verdskrig og frå gutespeidarane i Ålesund. Bilda i fotobasen blir berika med bildeinformasjon på dugnad.
- Ragnhild Røssevold har overlevert seks fotoalbum med tilknytning til Vigra, i gåve til Fylkesfotoarkivet. Derav fire visittkortalbum frå slutten av 1800-talet og starten av 1900-talet. Albuma inneheld mykje spennande fotomateriale, mellom anna to ferrotypiar.
- Magnus Sefland, som er en ihuga båtentusiast, kom innom Fylkesfotoarkivet 07.05.2025 med si private dias-samling med båtmotiv. Han gir fotomaterialet i gåve til Fylkesfotoarkivet, saman med ei svært god og detaljert oversikt over bildematerialet.



Magnus Sefland registrerer bildeinformasjon på privat dias-samling med båttema.

Foto: Anne Tømmerbakk/FAK

Fotomateriale frå frivillige lag

Fylkesfotoarkivet samarbeider med frivillige lag i fylket for å bevare og gjere foto tilgjengelege. Arkivet set stor pris på det lokale engasjementet og den formidable innsatsen som blir lagd ned av lokale lag for å ta vare på og formidle historiske foto.

- Fylkesfotoarkivet tok i januar 2025 imot fleire store private fotosamlingar av Ørskog Historielag, som dei har samla inn blant lokalbefolkninga. Fylkesfotoarkivet har gjennom fleire år samarbeidd med historielaget om innsamling og registrering av historiske foto. Bilde blir digitalt mediekonvertert og gjort tilgjengelege i Fylkesfotobasen, der historielaget sjølv legg til bildeinformasjon. Originalane skal attende til eigarane, medan bildefilene går inn i bildearkivet til Fylkesfotoarkivet.
- Vebjørn Fiksdal frå Fiksdal Vel på Vestnes, sende våren 2025 over 117 bildefiler av repro historisk fotomateriale til Fylkesfotoarkivet. Bilda er samla inn frå lokale samlingar i Fiksdal. Dei blei lasta opp i Fylkesfotobasen, der Vebjørn Fiksdal registrerer bildeinformasjon på bilda. Bildefilene går inn i bildearkivet til Fylkesfotoarkivet.



Avlevert bilde frå Fiksdal Vel sitt arkiv. Foto: Ukjend / Eigar: Norma Venås

Digital mediekonvertering og tilgjengeleggjering

Digitisering av fotoarkiv har vore eit prioritert arbeid i mange år, først og fremst for å gjere fotomaterialet enklare tilgjengeleg for innbyggjarar, forskarar og andre interesserte. Vi ser no behovet for ei oppgradering av utstyr og metodar for digital mediekonvertering og digital lagring, slik at vi etter kvart også kan sikre fotomateriale digitalt i høg kvalitet, i samsvar med nasjonale standardar.

Nettfotobase

Mot slutten av året viste nettfotobasen rundt 243 000 bilde. Det stadig aukande talet bilde krev mykje oppfølging, men det er særst gledeleg å sjå at basen blir mykje brukt og skaper stort engasjement blant brukarar som ønsker å bidra med bildeinformasjon. I 2025 fekk vi rundt 1 000 brukarkommentarar frå ihuga hjelparar over heile landet. I tillegg har fleire frivillige innloggingstilgang og registrerer bildeinformasjon direkte i nettfotobasen. Gjennom den enorme innsatsen på fotomaterialet opplever vi at nettfotobasen vert oppfatta som ein særst viktig berar av kulturhistorisk informasjon.

Førespurnader på fotomateriale og anna

Nettfotobasen er den viktigaste plattformen for søk og bildebestilling for brukarane. I 2025 opplevde fotoarkivet ein stor auke i bestillingsførespurnader gjennom nettfotobasen, e-post og telefon, og kvar førespurnad kan omfatte ein eller fleire bilde. Ein god del av bestillingane var til privat bruk, særleg frå brukarar som finn forfedrar og slektningar i basen, og som ønsker bildene i høgare kvalitet. I tillegg får vi jamleg bestillingar til ulike offentlege og profesjonelle formål, som til dømes museumsutstillingar, årbøker, artiklar, avisreportasjar, bokutgiving, dokumentarfilm, foredrag og utsmykking av lokale.

Fotoarkivet får også ei rekke førespurnader i samband med restaurering av bygningar og bygningsornamentikk. I tillegg mottar vi jamleg førespurnader frå Kulturavdelinga i fylkeskommunen, der dei ønsker eldre bilde som grunnlag for tilbakeføring av bygningsdetaljar i arbeidet med bygningsvern.

Fylkesfotoarkivet opplevde i løpet av 2025 også ein merkbar auke i førespurnader som ikkje gjaldt konkrete bestillingar på bilde. Dette omfatta mellom anna rådgiving om fotobevaring, korleis ein søker i nettfotobasen, informasjon om bilde, etterspurnad på bestemt fotomateriale, ønske om avlevering av fotomateriale, samarbeid om fotobevaring, omvising og presentasjon av fotoarkivet og fotobevaringsarbeidet, med meir.



Bilde av garden Gjerdet i Ørskog - til bruk i saksbehandling i bygningsvern. Foto: Ukjend / Eigar: Magnhild Bakke

Frivillige og sogelag

Frivillige har vore ein uvurderleg ressurs for Fylkesfotoarkivet. Fotoarkivet får stadig inn informasjon om bilde frå mange frivillige rundt om i landet. Dei fleste opplysningane blir sende inn via modulen for brukaropplysningar i fotobasen. Enkelte legg ned stor innsats i å finne informasjon om personar som er avbilda. Vi opplever eit stort engasjement frå brukarar som bidrar med bildeinformasjon, og fleire fortel at dei aktivt oppsøker andre informantar for å få hjelp til å identifisere personar på bilda i arkivet. I tillegg samarbeider fotoarkivet med fleire frivillige lag om både innsamling og publisering av bilde i fotobasen, og om å berike bilda med informasjon. Nokre lag mediekonverterer også historisk fotomateriale sjølve. Fleire av dei frivillige har tilgang til å registrere bildeinformasjon direkte i fotobasen, noko som sparer arkivet for både tid og ressursar.

Fylkesfotoarkivet set stor pris på det lokale engasjementet for fotobevaring i fylket. Gjennom dette samarbeidet har vi styrkt kunnskapen om regionen si fotohistorie og gjort fotomateriale tilgjengeleg for nye målgrupper.

Dugnad og ekstrahjelp

Fylkesfotoarkivet har i lang tid arrangert dugnadskveldar kvar veke for faste dugnadsmedlemar. Dei gjer ein særskild viktig innsats for fotobevaringa i fylket, i hovudsak gjennom ordning av arkiv, digital avskrivning av fotografprotokollar, digital mediekonvertering av gamle negativ, registrering av foto i nettfotobasen og oppdatering av informasjon på foto frå brukaropplysningar i nettfotobasen. Det har i 2025 vore særleg fokus på arkiva til Johannes Sponland, Olav Lystad, Martin Velle, Lars Pedersen, Erling Gjørund, CD-arkivet til Guttorm Furmyr og avskrivning av protokollar etter fotograf Sissel Haug Straumen. I tillegg er det jobba med fleire mindre, private fotosamlingar. Tidlegare fotoarkivar Ragnar Albertsen er hyra inn for å ta ansvar for dugnadskveldane, og gjer ein stor og viktig innsats i arbeidet med fotoarkivet.

Det er også brukt ekstern hjelp til digital mediekonvertering av foto frå ulike fotoarkiv og samlingar, i tillegg til noko registreringsarbeid. Dette arbeidet har vore eit verdifullt bidrag til å styrke både bevaring og tilgjengelegheit til fotomaterialet. Ekstrahjelpa har blant anna jobba med ei privat fotosamling til Gunnar Simensen og innsamla private samlingar frå Ørskog Historielag.



Rannveig Strømme jobbar med private bildesamlingar samla inn av Ørskog Historielag.
Foto: Anne Tømmerbakk/FAK

Konferansar, samlingar og kurs

- Deltaking på vårmøtet til det nasjonale fotobevaringsnettverket i Bergen 05.05.2025-06.05.2025. Tema var blant anna bruk av sensitivt fotomateriale og mottak og handtering av store fotosamlingar, samt kritisk katalogisering og handtering av metadata for autentisk bevaring.
- Deltaking hausten på Landskonferansen i fotobevaring og haustmøte i fotobevaringsnettverket, arrangert i Oslo. I tillegg til aktuelle tema for fotobevaring, blei det der lansert ei ny sentral bok om den norske fotohistoria etter 1945.
- Deltaking i september på ein workshop i digital mediekonvertering av fotografisk materiale på Nasjonalbiblioteket Mo i Rana, arrangert av Institusjonsfotografenes Forening (IFF). Det vart gitt ei svært god og lærerik innføring i Nasjonalbiblioteket sine metodar og rutinar ved digital mediekonvertering av foto, inkludert omvising i dei mange fasilitetane.
- Workshopen i regi av IFF arrangert tett opp til årets ABM-konferanse på Nasjonalbiblioteket i Rana, med status og oppdatering av Kulturarvdigitiseringsprosjektet. Der fekk vi blant anna presentert nye metadata-løysingar ved bruk av KI for identifisering av tekster på fotografisk materiale.

Anna

- Fylkesfotoarkivet samarbeider med SEDAK om uttesting av utstyr og metodar for mediekonvertering av filmbasert fotomateriale. SEDAK fekk for 2025 fornya utviklingsmidlar frå Nasjonalarkivet for prosjektet "Metodeutvikling for mediekonvertering av bilder", der Fylkesfotoarkivet er samarbeidspartnar. Prosjektet gir moglegheit til å utvikle gode praksisar for digital mediekonvertering av fotografisk transparent materiale der fargane blir best mogleg tatt hand om. I tillegg jobbar prosjektet med å forbetre moglegheita for å legge metadata på bildefiler. Dette er noko som Fylkesfotoarkivet vil dra stor nytte av i eige arbeid med å digitalt sikre og tilgjengeleggjere fotomateriale frå arkivet.
- Kulturtenester ved IKA Møre og Romsdal hadde 20.03.2025 eit første møte med Moa bibliotek/Ålesund bibliotek, som vurderer å opprette ein bildebase for å bevare og formidle lokalhistoriske foto. På møtet deltok også lokale historieentusiastar som arbeider med eit bokprosjekt om Spjelkavika si historie, der ei betydeleg mengde fotomateriale vil bli samla inn.

- Fylkesfotoarkivet bidrog med materiale då SEDAK fekk besøk av Ph.d. forskar og papirkonservator Leah Humenuck frå Rochester i USA 11.06.2026-12.06.2025. Vi fekk samtidig nyttig opplæring i bruk av fargemålar, og dessutan råd og tips til identifisering av papirbasert foto og trykt materiale.
- Fylkesfotoarkivet samarbeider med filmskapar Turid Rogne med å finne fotomateriale til eit dokumentarfilmprosjekt om portrettfoto.
- Fylkesfotoarkivet fekk 12.12.2025 tildeling av søkte arkivutviklingsmidlar til prosjektet «Ordning og tilgjengeleggjering av fotoarkiv – Karl Otto Kristiansen». Midlane vil komme særst godt med, i det store og tidkrevjande arbeidet med å kunne bevare dette viktige fotoarkivet.

Utstyr og økonomi

- Inntekt frå sal av bilde er marginal, sjølv om talet på bestillingar er høgt.
- Det er handla inn ei rekke arkivesker og anna emballasje for trygg langtidsbevaring av innkomne fotomateriale.
- I tillegg er det handla inn kontorutstyr og anna nødvendig materiell til drift av fotoarkivet.

Utfordringar og behov

- Fylkesfotoarkivet tar vare på over ein million analoge enkeltbilde som treng nærare gjennomgang for å få betre oversikt over både innhald og tilstand. I kombinasjon med dagleg drift og ein stadig auke i publikumsføresurnader er det avgrensa kapasitet til slikt systematisk arbeid.
- Det klimaregulerte fotomagasin er fullt. Som ei midlertidig nødløysing har Fylkesfotoarkivet fått disponere nokre fag i IKAMR sine magasin i Kirkegata 10B og i Statsråd Daaes gate 9, men klimaet er ikkje tilpassa langtidslagring av fotografisk materiale.
- Samtidig opplever arkivet eit aukande press frå både institusjonar og fotografar som ønsker å sikre kulturhistorisk viktig fotografisk materiale for framtida, men der vi i dag ikkje kan tilby klimaregulerte magasinforhold.
- Også i 2025 vart Fylkesfotoarkivet kontakta med førespurnader om å overta og sikre nyare fotoarkiv med fargemateriale frå den siste analoge perioden, om lag frå 1975 til 2005. Fargemateriale krev strengare klimaregulerte lagringsforhold enn eldre svart-kvitt-materiale. Fotografarkiv frå denne perioden omfattar ofte store mengder fotomateriale, der mykje framleis ikkje kan formidlast på grunn av personvernomsyn, og der bestilling av foto ofte betyr meir ressurskrevjande saksbehandling. Det finst framleis store mengder slikt materiale i privat eige hos fotografar rundt om i fylket, og fotoarkivet må rekne med fleire førespurnader om å overta og sikre fotografarkiv frå denne perioden i åra som kjem.
- Fylkesfotoarkivet manglar gode løysingar for digital langtidsbevaring, samt system og rutinar for mottak, ordning og tilrettelegging av digitalt skapte fotoarkiv.
- Fylkesfotoarkivet opplever å vere eit viktig og etterspurt kulturhistorisk tilbod til allmenta. Dette kjem mellom anna til uttrykk gjennom dei mange bestillingane og førespurnadene på foto, det store engasjementet rundt brukaropplysningar, og omfattande frivillig innsats og dugnadsarbeid. Samtidig er det ei betydeleg utfordring å møte denne etterspurnaden med berre éin fast tilsett. For å sikre ei forsvarleg forvaltning av fotomaterialet og å kunne tilby ei fagleg solid teneste i åra framover, er det nødvendig å styrke bemanninga med fleire fast tilsette med relevant kompetanse. I dag manglar arkivet grunnleggande infrastruktur og ressursar for å kunne ta godt vare på materialet: Det er ikkje tilstrekkeleg plass i klimamagasin for trygg langtidslagring, digitale lagringsløysingar er utilstrekkelege, og det finst mangelfulle oversikter over fotomaterialet og tilstanden i samlingane. Utan styrkt bemanning og ei målretta satsing på utvikling og fagleg kapasitet, vil kvaliteten på tenestene over tid kunne bli svekt, noko som kan få langsiktige konsekvensar for bevaring, tilgang til og forståing av vår fotografiske kulturarv.

5.3 Fylkessenter for digitisering av kulturarven (SEDAK)

SEDAK er ei fylkeskommunal teneste for digital bevaring og formidling av kulturarven i Møre og Romsdal. Det skal vere eit fylkessenter for rådgiving, dokumentasjon og mediekonvertering (digitisering) for arkiv, bibliotek og museum (ABM), samt kulturverninstitusjonane i Møre og Romsdal. Oppdrag blir også utført for kommunar, lag og organisasjonar og private aktørar. For å kunne gi råd og rettleiing på oppdatert metodikk og teknologi, har tenesta tette samarbeidspartnarar i nasjonale og internasjonale nettverk, UH-sektoren samt bildeteknologiindustrien.


Måloppnåing frå handlingsplanen

Dei faglege prioriteringane vart gjennomførte etter planlagt handlingsprogram. I tillegg vart det utført fleire mediekonvertering- og dokumentasjonsoppdrag, foredrag og presentasjonar. Berekraftsmål nr 17 - Samarbeid for å nå måla, er det som SEDAK i praksis utfører og oppfyller gjennom FoU-prosjekt med publisering og formidling av resultat og arbeid og formidling innanfor nasjonale og internasjonale nettverk.



Utviklingsprosjekt

- Vidareføring av FoU-prosjektet «*Metodeutvikling for mediekonvertering av bilder*», som omhandlar fotografisk materiale som filmnegativ og -positiv. Prosjektet er eit fleirårig konkret tiltak for utvida samhandling mellom kulturtenestene FylkesFOTOarkivet, SEDAK og IKAMR. Prosjektet har fått økonomisk støtte med arkivutviklingsmidlar frå Nasjonalarkivet over to søknadsperiodar. Arbeidet er forankra fagleg gjennom eit formalisert samarbeid med forskarmiljøet ved NTNU i Gjøvik, ved Institutt for datateknologi og informatikk. Konkret samarbeid med bildeteknologiindustrien er etablert med Digital Transition (DT), som har stilt nyutvikla teknologi og utstyr tilgjengeleg for BETA-testing. Ønskt resultat er kunnskapsdeling med det nasjonale og internasjonale fagfeltet. Ferdigstilling av prosjektet blir våren 2026. Giorgio Trumpy, Ottar A. B. Anderson, "From Negatives to Positives: Modeling the Photochemical Printing Process" in Archiving Conference, 2025, pp 178–181. [Lenke til resultat fagfelle vurdert internasjonal publikasjon](#)
- FoU-prosjekt i samarbeid med Møre og Romsdal politidistrikt «*FORSETE – Utvikling av modell for gjenkjenning av moderne handskrift på norsk*». Prosjektet har som mål å trene ein modell på «moderne» handskrift for effektiv gjenkjenning og verifisering av tekst. Arbeidet er gjennomført i samarbeid med bachelorstudentane Erlend Rømo, Martin Morisbak og Arthur Borger i ingeniørfag data ved NTNU i Gjøvik, ved Institutt for datateknologi og informatikk og Josef Dan Karlsson ved IKAMR. Eit eige dedikert treningssett av data med «moderne» handskrift i «Espås-saka» er utgangspunktet for utviklinga av systemet. Espås-saka er ei av Noregs mest omtalte og omfattande uopplara drapssaker. Saka er under operativ etterforskning og har ingen foreldingsfrist. Prosjektet har fått økonomisk støtte med arkivutviklingsmidlar.



Skjerm bilde av front end modul utvikla i prosjektet

«FORSETE: A Locally Hosted Automatic Text Recognition Platform for the Espås Case»

Erlend Rømo, Martin Morisbak og Arthur Borger, NTNU i Gjøvik. [Lenke til bacheloroppgåva](#)

- Turné med vandrestillinga «*Sunnmøre i boks*» hos bibliotek i heile Møre og Romsdal. Prosjektet er basert på samarbeidsprosjektet “*Møt kultur og språk på biblioteka*” med VITI - Sunnmøre museum, Ålesund bibliotek, Nynorsk kultursentrum og SEDAK. Prosjektet er eit konkret resultat av samarbeid i ABM-miljøet i fylket. Prosjektet er støtta av Møre og Romsdal fylkeskommune gjennom tildeling av ABM-midlar. [Lenke til informasjon om prosjektet](#)



Frå Nynorsk kultursentrum i Hovdebygda

Frå opninga ved Ålesund bibliotek

Foto: Ottar A.B. Anderson/SEDAK

Rådgiving, mediekonvertering (digitisering) og fotodokumentasjon utført for ABM-miljøet

- Mediekonvertering av ulike privatarkiv som Hyldbakk-arkivet, Anders Svor, idrettsarkiv, medlemsbladet Nordvesten, Ålesund Sentrumsforening, og fleire oppdrag frå private.
- Mediekonvertering av fotografisk materiale frå Nynorsk kultursentrum.
- Rådgiving til VITI – Kube i høve mediekonvertering av arkiv etter Anders Svor (glassplatenegativ) og VITI – Folkemusikkarkivet i høve produksjon av utstilling som blir starta opp i 2026.

Fagleg besøk av

Leah Humenuck, doktorgradsstipendiat i fargelære ved Rochester Institute of Technology i USA
David Stecker, leiar Imaging Department, National Gallery Prague, Tsjekkia

Fagleg arbeid – presentasjonar, konferansar og publikasjonar

“*Trust and authenticity for digital collections with IIF*»

IIF Annual Conference and Showcase, Leeds, UK

Ottar A.B Anderson, Intermunicipal archives of Møre og Romsdal, Norway og Julie McVey National Geographic Society Special Collections, USA. Presentasjon av Ottar A.B. Anderson. [Lenke til program](#)

“*Digital Object Authenticity: Creating a Standard Practice*”

IS&T ARCHIVING Conference, Grenada, Spania

Digital Object Authenticity Working Group (DOAWG) Julie McVey, National Geographic Society, Washington, DC, USA; Doug Peterson, Digital Transitions, New York City, NY, USA; Ottar A.B. Anderson, Intermunicipal archive of Møre og Romsdal, Ålesund, Norway. Presentasjon utført av Julie McVey . [Lenke til fagfelleurdert publikasjon IS&T Archiving Conference, 2025, side 24, 25 og 26](#)

«*From Negatives to Positives: Modeling the Photochemical Printing Process*»

Giorgio Trumpy; Norwegian University of Science and Technology (NTNU); Gjøvik, Norway og Ottar A. B. Anderson; Intermunicipal archive of Møre og Romsdal (IKAMR) Ålesund, Norway. Presentasjon av Giorgio Trumpy. [Lenke til program](#)

«FORSETE» - Forprosjekt for trening av modell for gjenkjenning av moderne håndskrift»

Arkivarforeningen, vårseminar, Oslo, Norge. Maria Fausa, Møre og Romsdal politidistrikt, Erlend Rømo, NTNU i Gjøvik og Ottar A.B. Anderson, IKAMR. [Lenke til program](#)

«Metadata for Image Quality in Galleries, Libraries, Archives and Museums (GLAM)»

IPTC Photo Metadata Conference 2025, Online. Ottar A.B. Anderson. [Lenke til videoopptak og presentasjon](#)

«Autentisitet for fotografiske samlinger - eit steg nærmare?»

Fotonettverkets vårmøte, Universitetet i Bergen. Ottar A.B. Anderson

“Autentisk framstilling av arkivkjelder ved hjelp av metadata”

ABM-konferansen Møre og Romsdal, VITI – Sunnmøre museum, Ålesund. Ottar A.B. Anderson. [Lenke til program](#)

«Teknisk metadata og utvikling innanfor mediekonvertering av filmmateriale»

IFF Fagdager, Nasjonalbiblioteket, Mo i Rana. Ottar A.B. Anderson. [Lenke til program](#)

«IPTC og metadata: Autentisitet for fotografiske samlinger»

eKulturseminaret 2025, KulturIT ved PREUS museum, Horten. Ottar A.B. Anderson. [Lenke til program](#)

«Frå drapsgåte til arkivløsning»

Privatarkivnettverket i Akershus, online. Privatarkivnettverket i Møre og Romsdal ved Nynorsk kultursentrum. Ottar A.B. Anderson

«Bybrannrapport»

Bybrannrapport frå Ålesund kommune, Aalesunds Stadsingeniørkontor 1903–1904. Pilotprosjekt i samarbeid med Phase One. [Lenke til usercase](#)

Digital Object Authenticity Working Group (DOAWG)

AHFAP 40th Anniversary Conference 2025, London, UK. Ottar A.B. Anderson. [Lenke til program](#)



Anderson presenterer ved AHFAP Conference 2025, London, UK. Foto: Bobby Gavin

Omtale i media

«Fra drapsgåte til arkivløsning»

AKSESS, Jeanette Høie

«Nytt håp i 29 år gammel drapsgåte»

TV2, Arne Rovick

«Sunnmøre i boks»

NRK Radio Møre og Romsdal

(Innslag januar ved tidspunkt frå 14:06) Innslag på radio.

Deltaktig i faggrupper

- Prøvenemnda i innhaldsproduksjonsfaget Møre og Romsdal.
- Standard Norge komité SN/K 177 Informasjon og dokumentasjon.
- ISO TC/42 JWG 26 Imaging system capability qualification for archival recording and approval og The Digital Object Authenticity Working Group (DOAWG).

Endringar

Pga. økonomiske forhold har SEDAK starta arbeidet med å flytte ut frå fotostudio i Nedre Strandgate 39. Dette vil medføre svært avgrensa kapasitet på mediekonvertering av samlingar og mogleg tap av nødvendig oppdatering av fagkompetanse. Vi vil heller ikkje kunne gjennomføre inntak av lærling i innhaldsproduksjonsfaget.

Sidan IKAMR avvikla digitiseringsavdeling har vi mista fagkompetansen som var bygd opp gjennom opplæring i bedrift i fotograffaget. Vi vil måtte basere oss på innleige av eksterne aktørar for å imøtekome den pågåande arbeidsmengda.

6. PERSONVERNOMBOD

Overordna

2025 har vore eit utfordrande år for personvernombodstenesta, då kapasiteten blei redusert som følge av ei rekke uheldige omstende. Tenesta hadde tre faste stillingar som personvernrådgivar, men to rådgivarar slutta (ein i desember 2024 og fagleg leiar i februar 2025). For å sikre forsvarleg drift av tenesta leigde vi inn ekstern bistand frå desember 2024 til oktober 2025.

Årets aktivitetar

- Rettleiingsmøte med Datatilsynet

Trass i underbemanningssituasjonen arrangerte PVO to rettleiingsmøte med Datatilsynet. Første møtet blei halde 04.03.2025. Juridisk fagdirektør i Datatilsynet deltok saman med seksjonssjefen. Det andre møtet var 25.09.2025. Juridisk fagdirektør i Datatilsynet deltok saman med ein annan jurist.

Ei viktig problemstilling for det første møtet var kven som er behandlingsansvarleg for oppgåva som er delegert frå samarbeidskommunen til vertskommunen – vertskommunen eller samarbeidskommunen. Problemstillingane i det andre rettleiingsmøtet omfatta blant anna ansvar og roller i Barnetråkk, kva som er personopplysningar og kva for behandlingsgrunnlag som er gyldige.

I januar 2026 informerte Datatilsynet tenesta om at dei hadde vore på tilsyn med Barnetråkk hos UiB i desember 2025, og behandlingsansvar var eit sentralt tema. Datatilsynet jobbar no med foreløpig tilsynsrapport. Vi anbefaler at kommunane følger opp når den endelege rapporten blir offentleggjort.

Det overordna ansvaret for å etterleve GDPR ligg på den behandlingsansvarlege. GDPR-artikkel 4 nr. 7 definerer den behandlingsansvarlege som den som "bestemmer formålet med behandlinga av personopplysningar og hva midlar som skal brukast". Det europeiske Personvernrådet (EDPB) omtalar den behandlingsansvarlege som "*a body that decides certain key elements of the processing*".^[1] Med andre ord skal aktørar som har vesentleg innflytelse på behandlinga sjåast på som behandlingsansvarlege.

Identifisering av roller og ansvar er ein viktig føresetnad, men samtidig kan det vere utfordrande å gjennomføre slike identifiseringar. Nokon gongar er dette også vanskeleg for tenesta. Eit felles tema for dei to rettleiingsmøta har vore nettopp dette.

- Saka om bygdebok

Antal saker som kjem inn til tenesta er redusert samanlikna med 2024, samtidig som fleire av sakene er meir omfattande enn tidlegare. Blant anna mottok tenesta ein førespurnad med mange underspørsmål, både frå ein kommune og ein registrert, om personvern i forbindelse med utgitte bygdebøker.

Formålet med bygdebøkene har generelt vore å dokumentere lokalhistorie for ettertida. Bygdebøkene gir derfor opplysningar om tidlegare og noverande innbyggjarar i området. Hovudproblemstillingane kan vere følgjande:

- Det overordna ansvaret for å etterleve GDPR ligg på den behandlingsansvarlege. Eit viktig spørsmål er derfor om kommunen kan sjåast på som behandlingsansvarleg knytt til utgiving av bygdebøkene;
- Om presentasjonen av personopplysningar (til dømes fødselsdato eller familieforhold) om nolevande personar i bygdebøkene utelukkande fell inn under begrepet litterære ytringar eller journalistiske formål, slik det er definert i personopplysningslova § 3;
- Om vilkåret om at behandlinga må vere «utelukkande» for litterære ytringar eller journalistiske formål er oppfylt;
- Om kommunen i det enkelte tilfellet bør vurdere om det er nødvendig å gjere unntak frå personvernreglene av omsyn til retten til ytrings- og informasjonsfridom, eller om kommunen bør gjennomføre ei slik nødvendighetsvurdering på eit meir generelt nivå, uavhengig av klage;
- I bygdebøkene er det inkludert opplysningar som i visse situasjonar ville kunne ha teieplikt, som til dømes familieforhold, adopsjon, opphavsland for adopterte, opplysningar om barn, samt moglegheiter for særlege kategoriar av personopplysningar som etnisk opphav. Skal desse personopplysningane systematiserast i ei vurdering basert på alle momenta i § 3 og den ovannemnde risikovurderinga?

Sjølv om personopplysningslova § 3 unntar fleire reglar frå å gjelde, er grunnleggande bestemmingar, som den behandlingsansvarlege sitt ansvar etter personvernforordninga artikkel 24 og 32 om sikkerheit ved behandlinga, framleis gjeldande. Artikkel 24 er relevant for personvern i ei bygdebok, etter som den pålegg kommunen ei plikt til å implementere nødvendige tiltak og dokumentere desse, basert på risikoen for individ som er omtala. Artikkel 24 angir at risikoen for dei registrerte individa skal vurderast, og denne vurderinga skal kunne dokumenterast. Slike risikovurderingar er heilt sentrale for at den behandlingsansvarlege skal kunne vise at verksemda har utført nødvendige tiltak og vurderingar.

Det er viktig at kommunen gjennomfører ei risiko- og sårbarheitsvurdering (ROS) i samsvar med personvernforordninga sitt fortalepunkt 75 og 76. Kommunen bør identifisere relevante uønskete hendingar (hendingar relatert til konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit) ved publisering av ulike personopplysningar i bygdebøker. Til dømes risikoen for dataangrep eller identitetstjuveri. Etter identifisering bør kommunen vurdere kor sannsynleg det er at dei uønskete hendingane oppstår, og i så fall kva konsekvensar det vil ha. Det vil alltid vere ein viss risiko, men det viktige ved ROS er at kommunen vurderer risiko opp mot eit akseptabelt nivå.

Involvering i DPIA i forbindelse med bruk av KI

I tillegg til saka om bygdeboka var fleire av sakene store og komplekse, og dermed også ressurskrevjande for tenesta. Tenesta var blant anna involvert i fleire DPIA i forbindelse med bruk av KI.

Til dømes er KI-verktøy som Noteless allereie tatt i bruk av helseaktørar i Noreg. Verktøyet kan bidra til meir utfyllande og nyanserte journalnotat, og dermed redusere arbeidsmengda for helsepersonell ved å generere utkast til svar. Tenesta mottok fleire DPIA om Noteless frå kommunar til uttale.

- Handtering av avvik og oppdatert rettleiar frå Datatilsynet

Tenesta har alltid prioritert handtering av avvik. Måten tenesta får tilgang til avvik på varierer, frå automatisk varsling på felles e-post, til orientering via telefon eller e-post frå kontaktperson. Vi anbefaler at involvering av personvernombod skal inngå i kommunane sin eigen rutine for handtering av avvik.

Tenesta gir uavhengige vurderingar til avvik, der personvernrisiko er vurderingstemaet. Intern handtering, melding til Datatilsynet og eventuelt også dei det gjeld er dei tre moglege handteringane ut frå risikonivået. Personvernrisikoen blir utført konkret.

Datatilsynet har publisert ein oppdatert rettleiar om «Hvilke brudd skal meldes til Datatilsynet?». Tidlegare oppmuntra Datatilsynet til å melde avvik ved tvil. Dersom den behandlingsansvarlege var usikker på om unntaket var oppfylt, blei det anbefalt å melde til Datatilsynet for å vere på den sikre sida. Denne oppmuntringa er fjerna frå den oppdaterte rettleiaren. Samtidig har Datatilsynet innført ei presisering om at den behandlingsansvarlege må vere tilnærma heilt sikker på at brotet ikkje vil medføre, eller har medført, nokon risiko for dei det gjeld, for at unntaket skal vere oppfylt.

Tenesta meiner at forsiktigheita ved melding av avvik til Datatilsynet likevel er styrkt i den oppdaterte rettleiaren. Det viktigaste er at den behandlingsansvarlege melder hendingar som etter lova er meldepliktige. Det vil seie at dersom det framstår ein viss risiko for personvernet, bør ein vere forsiktig med å konkludere med at det ikkje er eit sikkerheitsbrot eller at det ikkje eksisterer risiko. Dette føreset ei grundigare undersøking og dokumentasjon av avviket og dei konkrete risikoane.

I tillegg har Datatilsynet publisert ein ny rettleiar om «Håndtering av personvernet ved digitale angrep». I den ovannevnte rettleiaren «Hvilke brudd skal meldes til Datatilsynet?», er digitale angrep mot datasystem sett først, noko som truleg kan tyde på at risikoen i slike hendingar ofte er betydeleg.

- Overlapping med andre rettsområde

Dei personvernrettslege problemstillingane som blir reiste, må ofte sjåast i samheng med andre rettsområde, medrekna alminneleg og spesiell forvaltningsrett, offentleglova og arbeidsmiljølova. Det har vore saker som har gjennomgåande stor viktighet både for privatliv og offentleg verksemd.

Til dømes var det ei sak om 113-appen på kommunale telefonar og sporing. Spørsmålet til kommunen er om dei kan krevje at leverandøren låser lokasjonsdata i ein PÅ-funksjon. Vi stiller oss tvilande til dette. Kommunen kan derimot krevje at dei tilsette har denne funksjonen påslått. Dette bør følge av interne retningslinjer for kommunen og vil vere innanfor arbeidsgivar sin styringsrett å krevje.

Svartid

Sjølv om tenesta har vore i ein underbemanningssituasjon, har tenesta forsøkt å levere resultat av kvalitet på ein effektiv måte. Intensjonen er å gi tilbakemelding så snart som mogleg, og innan sju arbeidsdagar. For enkelte omfattande saker, eller i periodar der kapasiteten var sterkt redusert, har svartida overstige dette. Vi set stor pris på tolmod og forståing.

7. KONFERANSAR OG ANNA

7.1 Kontaktkonferansen 2025

Grunna kapasitetsproblematikk blei det ikkje gjennomført kontaktkonferanse for eigarane i 2025.

7.2 Deltaking på kurs/konferansar

- Deltaking på den årlege kommunearkivkonferansen (KAI-konferansen)
- Deltaking på den årlege KDRS-samlinga
- Deltaking på forvaltningsforum – Nasjonalarkivet
- Deltaking på nettverksmøte for fylkeskoordinerande ledd for privatarkiv
- Fleire tilsette har gjennomført kurs i Asta
- Tillitsvalde har deltatt på kurs i regi av Forskerforbundet og Fagforbundet

7.3 Samarbeid

IKA Møre og Romsdal er representert i samarbeidsrådet til Digitalarkivet og Jan Aakvik er med i Nasjonalbiblioteket sitt rådgivande utval for kulturarvdigitalisering.

Vi deltar aktivt i KAI leiarnettverk. Dagleg leiar er styreleiar for Lean Forum Nordvest og styremedlem i LOS Norge (Forening for lærende organisasjonar), og fagleg leiar for LOS Norge-konferansen.

7.4 AKSESS

AKSESS starta i 2022 som eit prøveprosjekt for tre år, som eit samarbeid mellom ABM-media AS, fagtidsskriftet Arkheion (forløparen til AKSESS) og Arkivforbundet. IKAMR er ein av KAI-institusjonane som var medeigar i Arkheion då det gjekk inn i AKSESS.

Den største skilnaden mellom Arkheion og AKSESS er at sistnemnde er eit uavhengig tidsskrift for arkiv og dokumentasjonsforvaltning i Noreg. Tidsskriftet er ein kanal for heile sektoren og har som mål å sette lys på, binde saman og utvikle fagfeltet, samt å gjere synleg arkiv i den norske allmenta gjennom eit breitt spekter av tema. AKSESS driv kritisk journalistikk og skal gi rom for refleksjon, debatt og erfaringsdeling.

Framtida til AKSESS hang i ein tynn tråd etter at ABM-media sa frå seg utgivaransvaret innan utgangen av 2025. I slutten av desember kom heldigvis nyheita om at Arkivforbundet tar over ansvaret som utgivar for Aksess (i utgangspunktet for to år). Vidare drift blir finansiert med bidrag frå KAI-institusjonane og produksjonsstøtte frå tilskotsordninga Tidsskrift og kritikk frå Kulturrådet.

7.5 Nettside og sosiale medium

IKA Møre og Romsdal publiserer informasjon via nettsida www.ikamr.no og Facebook www.facebook.com/ikamr.no. Vi ser at vi når breiare ut til publikum ved å bruke Facebook. I tillegg har vi ein Instagramprofil: [arkiv_ikamr](https://www.instagram.com/arkiv_ikamr).

Alle kanalane ber nok litt preg av at vi ikkje har ein eigen plan for publisering. Vi har likevel greidd å nå ut til eit større publikum med forskjellige saker om arkiv, til dømes om [stilskrivingskonkurransen ved Aspøy skule våren 1945](#), som kom på riksdekkande fjernsyn.

Rådgivar for privatarkiv publiserer i tillegg på Instagram under profilen [privatarkiv_ikamr](https://www.instagram.com/privatarkiv_ikamr).

Fortid
& notid
for framtid